

PARTIET SENTRUM

Sentrum er eit blokkuavhengig sentrumsparti. Vi legg FNs berekraftsmål og menneskerettserklæringa til grunn for utforming av all politikk. Vi hentar inspirasjon frå fellestrekka i sosialdemokratisk, kristendemokratisk og kristensosialistisk tenking.

«Leave no one behind»

FNs berekraftsmål er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, nedkjempe ulikheit, stoppe klimaendringane og ta vare på det biologiske mangfaldet. Våre politiske handlingsplanar vil ta utgangspunkt i desse. FNs berekraftsomgrep må ligge til grunn for all politikkutforming: sosial, økonomisk, klima- og miljømessig berekraft. Det må ligge til rette for ei utvikling som respekterer naturen si berekraft og som kjem dagens behov i møte utan å øydelegge for komande generasjonar. Til grunn for berekraftsmåla ligg det ei fordelingsmessig forplikting uttrykt i den overordna målsetninga om «leave no one behind». Dette inneber ei særlegvektlegging på at utsette eller sårbare grupper i samfunnet, nasjonalt og internasjonalt, skal få det betre.

Ein føresetnad for å lukkast med ei omstilling til et berekraftig samfunn er at innbyggjarane har kunnskap og haldningar som bidreg til å endre livsstil og politikk. Vi vil difor utruste og vidareutvikle forskings- og utdanningssektoren med vekt på å bidra til å skape eit berekraftig samfunn. Vi er avhengige av at sivilsamfunnet, miljørørsela, fagrørsela og næringslivetsamarbeider med offentleg sektor om å forme eiberekraftig framtid.

Noreg er eit vidstrakt land. Geografi og ulik folketettleik krev ulike løysingar. Det grøne skiftet må skje ut fråregionale føresetnader og premiss, med mål om at heile Noreg skal bli omstilt til eit berekraftig samfunn.

VÅRT POLITISKE PROSJEKT

Mangfald og likeverd

Alle menneske er like mykje verdt i kraft av å vere til.

Ein av de viktigaste strøymingane i europeisk historie er toleranse for mangfald og ulikskap. Desse verdiane blir i dag utfordra av populistiske og innvandringskritiske røyster. Dette er politikk og retorikk som bidreg til hat, radikalisering og ekstremisme. Vi vil vere blant dei som røyser seg når våre grunnleggande humanistiske verdiar blir trakka på. Vi vil vere eit antipopulistisk parti som er medvitne samanhengen mellom ord og handling. Både i ord og handling skal vi sameine, ikkje splitte. Inkludere, ikkje ekskludere.

Alt for mange opplever barrierar i utdanning, arbeidsliv og fritid som diskriminerer og er til hinder for likeverdig deltaking i samfunnet. Det dannar strukturar som kan hindre den einskilde i å nå sitt fulle potensial og realisere draumane sine. Vi vil arbeide for eit universelt utformasamfunn som er funksjonsfremjande, ikkje funksjonshemjande. I det funksjonsfremjande samfunnet flyttar vi fokusset frå individet som problem til at det er hinderet som er problemet. Vi vil arbeide for at alle menneske skal få bidra med sine ressursar. Samfunnets viktigaste oppgåve er å legge til rette for arbeid etter evne. Det vil utløyse ei større verdiskaping.

I dagens samfunn er det gode vekstvilkår for identitetspolitikk. Den gir menneske og gruppe av menneske ein merkelapp basert på til dømes religion eller etnisitet, og skuggar over dei andre identitetane. Den subtile kvardagsrasismen breier om seg i samfunnet. Han er ikkje så lett å identifisere eller prove. Black lives matter-rørsla viser at det framleis er ein kamp vi må kjempe. Vi vil bryte ned barrierane som hindrar likeverdig tilgang til moglegheitene i samfunnet.

Diskriminering basert på religion er ein global trend. Trus- og livssynsfridomen er under press, òg i Noreg. Politikken som blir ført må syte for at einskildmenneske og grupper blir behandla som likeverdige. Vi vil verne om trusfridomen. Livssynsopenheit og religionsdialog speler ei viktig rolle i samfunnet.

Vi må sikre eit likeverdig kulturtolkning der alle får høve til å delta. Ei sentral utfordring er å sikre uttrykksmessig diversitet og ei større breidde i formidlingsformer. Eigod og berekraftig samfunnsutvikling blir sikra gjennom ein balanse mellom fellesskap og individualitet, og mellom tradisjon

og fornying. Som samfunn har vi et særleg ansvar for å gi anerkjenning til nye grupper, minoritetar og særinteresser.

Sentrum vil bygge bruer mellom menneske, ikkje murar.

Fellesskap og sosial rettferd

Alle menneske skal ha likt høve til å ta del i fellesskapen. Som medmenneske har vi alle eit ansvar for kvarandre. Vi treng gode fellesskapsløysingar som tek vare på alle som har behov for at samfunnet stiller opp for dei.

Velferdsordningane må være anstendige, trygge og føreseielege når menneske er i krevjande livssituasjonar. Velferdsforvaltinga treng ein reform, slik at folksøkonomiske rettar blir oppfylte.

Ansvaret for medmenneska våre stoppar ikkje ved landegrensene. Vi har eit ansvar for å bidra til å betre livssituasjonen for menneske i andre delar av verdagjennom bistand og internasjonalt samarbeid. Dette inkluderer eit ansvar og ei grunnleggande openheit for å ta imot menneske på flukt. Vi ser med bekymring på utviklinga i Europa, kor landa er meir opptekne av å verne om grensene sine enn å beskytte menneske. Det kjem no eit historisk lågt tal menneske til Noreg for å söke asyl, og vi har plass og høve til å bidra mykje meir offensivt enn vi gjer i dag.

Alle menneske har rett til å leve eit liv i fridom. Difor må vi bygge ned barrierar som held menneske nede, til dømes gjennom negativ sosial kontroll. Menneske som bryter med normer for kjønn og seksualitet har aukarisiko for å bli utsett for vald, som avvising og utstøyting av familiar og fellesskap. Det kan òg vere tvangsekteskap eller andre alvorlege brot på retten til å bestemme i eige liv.

Lhbti-personar møter utfordringar på mange arenaer i samfunnet vårt. Vi har eit ansvar for å bidra til openheit og å aktivt motarbeide diskriminering. Vi er opptekne av at alle menneske skal få vere den dei er. Det er viktig at skular og barnehagar har god kompetanse om kor mangfaldige menneske er. Arbeid og aktivitet er ein menneskerett. I dag er det mange innbyggjarar i Noreg som ikkje får moglegheita. Å stå utanfor arbeidslivet er den viktigaste årsaka til økonomisk og sosial ulikskap. Samfunnets viktigaste oppgåve er å legge til rette for arbeid etter evne. Det vil utløyse ei større verdiskaping i heile landet. Papirlause menneske som lever i Noreg må òg få høve til lønaarbeid. Alle menneske treng ei inntekt slik at dei kan livnære seg. Vi vil arbeide for eit anstendig arbeidsliv med tryggleik og respekt, utan utnytting.

Dei økonomiske forskjellane i Noreg aukar. Dei på toppen dreg frå med stadig høgare løningar, medan dei i låglønte yrke står under sterkt press og opplever å få mindre kjøpekraft. Vi må ha eit skattesystem der dei som har mest bidreg meir, og der dei som har minst skal betale mindre. Barn som lever i familiar med vedvarande låginntekt må få dei same mogleheitene som andre barn til å utfalde seg og utvikle evnene og eigenskapane sine.

Klima og miljø

Vi menneske har eit felles ansvar for å ta vare på kloden. Korleis vi forvaltar naturressursane i dag har store konsekvensar for kloden og for komande generasjonar. Menneska er avhengige av og innnevde i naturen. Planeten vår er prega av klimaendringar, artsutrydding og øydelegging av økosystem. Klimakrisa vi står i trugarmed å utslette menneska sitt eksistensgrunnlag. Vi må gjere endringar no for å redde jorda. Det er difor ei topp prioritert sak å syte for ei berekraftig utvikling som respekte naturens grenser og mangfold og som har som mål å bidra til eit godt liv for alle menneske uansett kor vi bur.

Vi må sette punktum for fossilalderen. Noreg har tent mykje på olje og gass, og har både økonomi, teknologimiljø og arbeidskraft til å kunne leie an i overgangen til fornybar energi. Det må bli lagt ein plan for ei styrt og gradvis avvikling av olje- og gassverksemepå norsk sokkel gjennom ein 15 års periode. Etter dette skal det ikkje bli utvinna olje eller gass på norsk sokkel. Framleis bruk og produksjon av fossilt brensel, som olje og gass, skadar kloden og må difor bli avslutta innan kort tid.

Internasjonalt samarbeid er ein føresetnad for å løyse framtidas utfordringar i verda og her heime. Vi vil verne om EØS-avtalen og styrke internasjonalt samarbeid for å løyse krisene vi står i. EU har utarbeida «A European Green Deal» som viser veg for satsing på grøne industriar. Også Noreg må plukke ut klima- og miljøvenlege industriområde som verda vil etterspørje i åra som kjem. I tillegg må vi ha ein nasjonal eigarskapspolitikk som står utviklinga. Sentrum vil føre ein nyskapande, grøn næringspolitikk.